

## KOMMISJONSDIREKTIV 2005/63/EF

2009/EØS/10/18

av 3. oktober 2005

**om retting av direktiv 2005/26/EF om lista over næringsmiddelrediensar eller stoff som er mellombels utelatne frå vedlegg IIIa til europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/13/EF(\*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/13/EF av 20. mars 2000 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om merking og presentasjon av samt reklamering for næringsmidler<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 6 nr. 11, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I kommisjonsdirektiv 2005/26/EF<sup>(2)</sup> er det fastsett ei liste over næringsmiddelrediensar eller stoff som er mellombels utelatne frå vedlegg IIIa til europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/13/EF etter fråsegn frå Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik (EFSA).
- 2) I fråsegna si av 2. desember 2004 om visse typar bruk av fiskegelatin slo EFSA fast at dette stoffet ikkje er venta å føre til alvorlege allergiske reaksjonar når det vert nytta som berestoff for vitamin- og karotenoidpreparat.
- 3) Karotenoid er ved ein feil vorte utelate frå lista i vedlegget til direktiv 2005/26/EF og bør difor først opp der —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

*Artikkel 1*

I andre kolonne i vedlegget til direktiv 2005/26/EF skal sjuande rad lyde:

«— Fiskegelatin som vert nytta som berestoff for vitamin- eller karotenoidpreparat og for aroma.»

*Artikkel 2*

1. Medlemsstatane skal innan 3. desember 2005 vedta og kunngjere dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks sende Kommisjonen teksta til desse føresegnene og ein jamføringstabell som viser samanhengen mellom desse føresegnene og føresegnene i dette direktivet.

Dei skal nytte desse føresegnene frå 25. november 2005.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei viktigaste internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

*Artikkel 3*

Dette direktivet tek til å gjelde dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

*Artikkel 4*

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 3. oktober 2005.

*For Kommisjonen*

Markos KYPRIANOU

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 258 av 4.10.2005, s. 3, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 46/2006 av 28. april 2006 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 34 av 29.6.2006, s. 8.

<sup>(1)</sup> TEF L 109 av 6.5.2000, s. 29. Direktivet sist endra ved direktiv 2003/89/EF (TEU L 308 av 25.11.2003, s. 15).

<sup>(2)</sup> TEU L 75 av 22.3.2005, s. 33.